



**Det er ikkje lett å forestille seg at ferja Bjørn West som no ligg ved Eidsvik nokon gong har vore kanonbåt i Den Norske Marine, men slik er det., I tidsrommet frå 1877 til 1887 vart det levert 7 slike kanonbåtar av 2. klasse, også kalla Valeklassen, og Gorklassen, Dei var i bruk til dei vart ombygt til mineleggjarar i 1910 og som det var dei i bruk til etter den andre verdskrigen. Dei var håplaust forelda og utretta ikkje stort. Men det gjorde faktisk Tyr! Han har vore i Uskedalen før, men då i ei langt tøffare rolle!**

Kanonbåtane var 27 og 33 meter lange og hadde 2 dampmaskinar som gav dei ein fart på rundt 10 knop. Dei hadde ein 26 centimeter bakladekanon, ein 37 millimeter hurtigskytande kanon og 2 37 millimeter rekylfrie kanonar.

Båtane var bygt på erfaringane frå 3. klasse kanonbåtar, som fort vart altfor gamaldagse og trege. Som mineleggjarar hadde dei plass for 50 minar, men dei hadde også ein 47 millimeter kanon som erstatning for den på 37 millimeter. Dei 2 resterande kanonane vart behalde.

Under kampen mot tyskarane vart dei stort sett brukt som kanonfarty men dei fleste overga seg utan kamp til den svært overlegne og moderne tyske marinen. Det gjorde også Tyr, men den gjennomførte ein vellukka mineleggjing ved Lerøyosen natta til 9. april og var med i kampen ved Ånuglo og faktisk også i sjølve Uskedalen.

Det går fram av memoarane til Thorleif Pettersen at dei landbaserte styrkene fekk hjelp av Tyr som låg inne på hamna. Dei hadde ein 12 centimeters kanon som vart nytta ved høvet, skriv Pettersen.

Det utvikla seg til ein voldsam skotveksling og kunstig tåke og krutrøyk la seg over skueplassen. Det enda med at ein torpedobåt vart skada og slutta med å skyte og ein trålar fekk eit stort hol i baugen. Tyskarane trakk seg attende og det vart ein pause i kampene, opplysar Pettersen. Framleis kan ein sjå kanonfeste i ferja.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

